

# MADLANDSVATN 1983

Samla Plan  
1460 Okedalsdalen  
H. Seegrov

- 5 -

## 3 RESULTAT

Vasskvaliteten er vist i tabellen under.

Vatn	pH	El. leiings- evne mS/cm	Alkalitet mmol/l	Kalsium mgCa/l	Aluminium mg AL/l
Madlandsvatn	5,41	25,8	<0,06	0,67	22
Ragsvatn	5,57	33,9	0,06	1,12	22

Vassdraget kan karakteriserast som middels surt. Mykje til-  
sig frå jordbruket i dei nedre delane gjev her rel. høg  
bufferevne. Vasskvaliteten har liten eller ingen verknad på  
overlevingsevna for fisk i dei nedre delane av vassdraget.

Næringsvalet for auren er gjeve i volumprosent i tabellen  
under.

Nærings- dyr										
	Fjørmygglarver	Fjørmyggpupper	Vårflugelarver	Døgnflugelarver	Vassnymfelarver	Ertemusling	Bythotrephes longimanus	Linsekreps	Luftinsekt	Fisk
Vatn										
Madlandsvatn	4		5						91	
Ragsvatn	7	1	35	4	7	7	1	3	33	3

I Madlandsvatnet var næringsvalet ein-sidig, insekt fanga på  
overflata utgjorde 91 volumprosent av det totale mageinnhal-  
det. Dette tyder på at fiskebestandane er tette og at andre  
næringsdyrgrupper er nedbeita. Auren i Ragsvatnet hadde ete  
meir variert føde. Her var luftinsekt og vårflugelarver vik-  
tigaste næringa.

Dei einskilde vatn.

MADLANDSVATN, 249 m o.h., areal = 90 ha.

Vatnet ligg i tiltalande omgivnader med dyrka mark, kulturbeite, slakt skogsterreng og hei. Store grunnområde inneber høg næringsdyrproduksjon. Gyte- og oppveksttilhøva for auren er framifrå i fleire tillaupselvar, utøving av fiske har lite omfang.

Ved utlaupet er det bygt ein betongdam med tappeluke og vatnet kan regulerast 1,6 m. Tapping førekjem likevel sjeldan og vatnet er i praktisk fiskesamanheng uregulert.


Prøvefiske med 9 garn i slutten av juli 1983 gav 62 aurar og 9 røyr. Kvaliteten på auren var under middels, største aure var 25,7 cm og 172 gram. Gjennomsnittsvekta var 85 gram og gjennomsnittleg k-faktor 0,98, over 55 % var kvite i kjøtet, resten lyseraude. Vatnet vart og prøvefiska i 1972, vekskurva for dette året er stipla på figuren på neste side. Veksten er om lag lik i 1972 og 1983, det same gjeld kvalitet og storleik. Auren veks middels raskt dei første 3 leveåra, deretter avtek veksten meir og meir med aukande alder. Årsaka til dette er kjønnsmogning ved 3-4 års alder og dårleg nærings-tilgang.

Røya var småfallen og av dårleg kvalitet, største røya var 21,7 cm og 82 gram. Ved prøvefisket i 1972 vart det på 8 garn fanga 53 aurar og 2 røyr.

Vatnet har ein svært tett aurebestand, ein del røye og ål. Rekrutteringstilhøva for røya er truleg avgrensande for bestanden av denne arten, medan auren har svært gode rekrutteringstilhøve. Fisket har lite omfang og saman med dei gode gytetilhøva har dette ført til altfor tett fiskebestand.

Ved hardt garnfiske med 24-30 omfars garn vil dette vatnet på

kort tid kunne bli eit framifrå fiskevatn for fiske med  
garn, oter og stang.



MADLANDSVATN. Vekstkurve og lengdefordeling.

